



Arkivnr: 2014/13022-12

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.11.2014

### Økonomirapportering pr. oktober 2014

#### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga pr. oktober 2014.

Totalt sett er prognosen at fylkeskommunen får eit meirforbruk i 2014. Hovudårsakene til dette er;

- Svikt i billettinntekter i kollektivtrafikken.
- Skatteinntektene lågare enn budsjettert.
- Underskot i skulesektoren.

Positive budsjettavvik;

- Netto renteutgifter litt lågare enn budsjettert.
- Innsparing lønsutgifter grunna streik.
- Mindreforbruk i tannhelsesektoren.

Området med størst risiko og som har vore årsak til negativ prognose gjennom 2014 er nivået på billettinntektene ved årsslutt. Elles er det relativt sett små avvik i rapporteringa for fylkesøkonomien pr. oktober. På kostnadssida har nokre skular overskridingar som gjev underskot. Pr. oktober reknar fylkesrådmannen no med eit meirforbruk på 25 mill. kr – 10 mill. kr lågare enn i rapporten etter 2.tertial. Hovudgrunnen til betringa er innsparingar som følgje av streiken i opplæringssektoren.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2014 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*  
**Fylkesrådmannen, 12.11.2014**

## Bakgrunn

Gjeldande rapporteringsrutinar inneber at ein i tillegg til tertialrapportane til fylkestinga i juni og oktober skal ha rapportering til fylkesutvalet ved utgangen av månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapport pr. oktober 2014.

## Oversyn og endring i høve til 2.tertial

Totalt sett er stoda den same som framlagd ved tertialrapporteringa pr. august til fylkestinget i oktober. Det er ingen store endringar av prognosen i høve til tala i tertialrapporteringa for sektorane. Prognosen for heile fylkeskommunen er likevel betra med 10 mill. kr til eit meirforbruk på 25 mill. kr. Hovudårsaka til betringa er innsparing som følgje av streiken i opplæringssektoren.

Når det gjeld dei einskilde sektorane, så reknar ein for samferdselssektoren framleis med lågare billettinntekter enn det som er budsjettert. Underskotet i opplæringssektoren er framleis venta å verta 5 mill. kr. Prognosen for skatteinngang er betra med 3 mill. kr samanlikna med tertialrapporten. Fylkesrådmannen reknar no med negativt budsjettavvik på 12 mill. kr for skatteinntektene. For lønsavsetjingane er det no rekna med mindretgifter på 20 mill. kr som følgje av streiken – 8 mill. kr meir enn i tertialrapporten.

Det vedlagde tabelloversynet byggjer på tidligare rapportering og rekneskap pr. oktober 2014. Tabellen sumerar opp prognosen for heile fylkeskommunen. I 2. tertialrapport til fylkestinget i august rapporterte fylkesrådmannen at prognosen var eit meirforbruk i 2014 på 35 mill. kr for driftsbudsjettet totalt sett. Fylkesrådmannen legg no som nemnt til grunn ein prognose om 25 mill. kr i meirutgifter.

## Staus for dei ulike driftsområda

Innanfor funksjonsgruppene Politiske organ og administrasjon, Fellesfunksjonar, Tannhelse, Regional utvikling, Fylkeskommunal næringsverksemd, Kultur og Interne finansieringstransaksjonar er det få risikofaktorar som kan føra til store negative avvik i forhold til budsjett. Ut frå forbruk pr. oktober, og samanlikna med forbruk tidligare år ligg ein ikkje an til å få meirforbruk på desse områda.

For Tannhelse ser det framleis ut til å gå mot eit mindreforbruk på 3 mill. kr. For fellesfunksjonar – i stor grad lønsavsetjingane – legg fylkesrådmannen no til grunn at det vil gå med 20 mill. kr mindre enn avsett. Dette er 8 mill. kr meir i innsparing enn rekna med i tertialrapporten. Hovudårsaka til betringa er innsparing som følgje av streiken i opplæringssektoren. Lønsoppgjeret er no gjennomført og ein har dermed betre oversyn over kva utslag streiken får på lønsutbetalinga.

## Opplæring

Prognosen pr. 2. tertial var at ein styrer mot balanse eller eit mindre underskot på rundt 5 mill. kr innanfor opplæringssektoren. Det økonomiske biletet er omlag som ved tidligare rapporteringar, men underskota ved ein del skular kan gjera prognosen noko usikker. Mange skular har større underskot pr. oktober som vil verta dekkja av fondsmidlar ved rekneskapsavslutninga. Avgjerande for resultatet vil vera kor mykje av desse skuleunderskota som ikkje vert dekkja inn av fondsmidlar.

Estimert total innsparing grunna streiken er venta å verta 14 mil., og det vert gjort trekk i skulane sine budsjett som følgje av dette. Dette for at denne innsparinga ikkje skal gje overskot på skulane som igjen byggjer opp frie fondsmidlar. Skular som set i verk tiltak, godkjend av fylkesdirektør opplæring, for å redusera konsekvensane av streiken vert kompensert for dette. Netto økonomisk innsparing for fylkeskommunen grunna streiken er estimert til omlag 9 mill. kr som er rekna med under innsparinga for lønsavsetjingane, jf. ovanfor.

## Samferdsel

I 2. tertialrapport var prognosen for året ei overskriding på 40 mill. kr innanfor samferdsel. Hovudårsaka til dette er svikt i billettinntektene samanlikna med budsjettet nivå. Det er ingen endringar i utviklinga for billettinntektene skulle tilseia at utviklinga endrar seg særleg resten av året. Det er framleis god kontroll på kostnadssida i samferdselssektoren og fylkesrådmannen legg til grunn ei overskriding på 40 mill. kr – same prognose som i tertialrapporten.

Skatt og rammetilskot

I 2. tertialrapport vart det varsla at skatteinngangen var rekna til å verta 15 mill. lågare enn budsjettert nivå. I revidert nasjonalbudsjett for 2014, som vart lagt fram etter 1. tertialrapport, er det frå sentralt hald varsla noko lågare vekst i dei frie inntektene i 2014 enn det som vart lagt til grunn i statsbudsjettet 2014. I statsbudsjettet for 2015 er det varsla ytterlegare litt lågare skattevekst i inneverande år. Ved å nytta dei føresetnadane frå sentralt hald i KS sin prognosemodell, er det rekna med at Hordaland fylkeskommune får 18,5 mill. kr mindre i frie inntekter i 2014 enn det som er budsjettert.

Ser ein på faktisk skatteinngang fram til og med september, og korrigerer for inntektsutjamninga, har ein fått inn omlag 10 mill. kr mindre i skatteinntekter enn budsjettert. Av eit totalbudsjett på 5,7 mrd. kr i frie inntekter er avviket lite, og det skal forholdsvis små endringar til før utviklinga snur den eine eller den andre vegen. Ut frå dei siste utrekningane som er gjort av KS og ut frå skatteinngang pr. utgangen av september er fylkesrådmannen sin prognose ein svikt i skatteinntektene på 13 mill. kr samanlikna med det som er budsjettert – 2 mill. kr betre enn lagt til grunn i tertialrapporten.

Renter og avdrag

Her er framleis prognosen at fylkeskommunen får ei netto innsparing i renter og avdrag på 10 mill. kr, slik som meldt i 2. tertialrapport.

**Oppsummering drift og prognose for driftsresultat 2014**

Tabellen under oppsummerer alle sektorane, og syner totalt sett ein prognose med eit meirforbruk på 25 mill. kr – 10 mill. kr betre enn lagt til grunn i tertialrapporten.

Prognosen for dei ulike områda kan oppsummerast slik:

	mill. kr
Politiske organ og administrasjon.	0
Fellesfunksjonar (lønsavsetjing)	20
Opplæring	- 5
Tannhelse	3
Regional utvikling	0
Fylkeskom. næringsverksemd	0
Samferdsel	- 40
Kultur	0
Skatt og rammetilskot	- 13
Renter og avdrag	10
Interne finansieringstransaksjonar	0
<b>TOTAL</b>	<b>- 25</b>

**Rekneskap for fylket totalt pr. oktober.**

Tabell til sist i rapporten er teke ut av rekneskapssystemet, og syner inntekter og kostnader pr. oktober. Det er framleis store avvik i rekneskapen som skuldast ulik periodisering av rekneskap og budsjett. Desse avvika vil i all hovudsak verta eliminert gjennom årets to siste månadar, og gjennom rekneskapsavslutninga av 2014. Siste kolonne syner årsprognose – 25 mill. i underskot. Prognosen for fellesutgifter og inntekter i tabellen rommar blant anna fellesfunksjonar, skatt- og rammetilskot og renter- og avdrag.

Jamvel om det ligg an til meirforbruk i høve til vedteke budsjett reknar ikkje fylkesrådmannen med at fylkeskommunen kjem ut med underskot i rekneskapen. Strykingsreglane sikrar dette.

<b>HFK REKNESKAP pr. O K T O B E R 2014.</b>					
<b>FYLKET TOTALT</b>					
Sum	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	OVER/UNDER FORBRUK PR OKT	FORBRUK BUD PR OKT i %	PROGNOSE 2014 BUDSJETTAVVIK
<b>Avdeling : 1 - Politiske organ &amp; adm.</b>					
1 Kostnader:	441 174 321	469 084 971	27 910 650	78,7 %	
2 Inntekter:	-204 383 789	-159 362 500	45 021 289	106,9 %	
<b>NTO. Politiske organ &amp; adm.</b>	<b>236 790 532</b>	<b>309 722 471</b>	<b>72 931 938</b>	<b>64,1 %</b>	
<b>Avdeling : 3 - Samferdsel</b>					
1 Kostnader:	2 463 406 306	2 593 904 101	130 497 795	80,8 %	
2 Inntekter:	-920 231 325	-827 070 833	93 160 491	92,7 %	
<b>NTO. Samferdsel</b>	<b>1 543 174 981</b>	<b>1 766 833 268</b>	<b>223 658 286</b>	<b>75,0 %</b>	<b>-40 000</b>
<b>Avdeling : 4 - Kultur og Idrett</b>					
1 Kostnader:	294 871 277	298 869 749	3 998 473	82,1 %	
2 Inntekter:	-204 260 686	-149 388 415	54 872 271	113,9 %	
<b>NTO. Kultur og Idrett</b>	<b>90 610 590</b>	<b>149 481 334</b>	<b>58 870 744</b>	<b>50,3 %</b>	
<b>Avdeling : 5 - Tannhelse</b>					
1 Kostnader:	257 707 875	245 183 672	-12 524 203	87,2 %	
2 Inntekter:	-96 869 793	-76 680 833	20 188 960	105,3 %	
<b>NTO. Tannhelse</b>	<b>160 838 082</b>	<b>168 502 839</b>	<b>7 664 757</b>	<b>79,1 %</b>	<b>3 000</b>
<b>Avdeling : 6 - Opplæring</b>					
1 Kostnader:	2 522 183 056	2 607 294 451	85 111 395	80,2 %	
2 Inntekter:	-312 775 618	-325 505 833	-12 730 215	80,1 %	
<b>NTO. Opplæring</b>	<b>2 209 407 437</b>	<b>2 281 788 618</b>	<b>72 381 180</b>	<b>80,2 %</b>	<b>-5 000</b>
<b>Avdeling : 7 - Fellesutgifter/Inntekter</b>					
1 Kostnader:	477 570 349	843 727 052	366 156 703	47,2 %	
2 Inntekter:	-5 718 904 675	-5 562 153 833	156 750 842	87,0 %	
<b>NTO. Fellesutgifter/Inntekter</b>	<b>-5 241 334 326</b>	<b>-4 718 426 781</b>	<b>522 907 545</b>	<b>94,2 %</b>	<b>17 000</b>
<b>Avdeling : 8 - Akt.utanfor f.fom.ansv.</b>					
1 Kostnader:	46 544 184		-46 544 184	0,0 %	
2 Inntekter:	-81 353 862		81 353 862	0,0 %	
<b>NTO. Akt.utanfor f.kom.ansv.o</b>	<b>-34 809 679</b>		<b>34 809 679</b>	<b>0,0 %</b>	
<b>NTO. FYLKET TOTALT</b>					<b>-25 000</b>